

## I MAI

I mai  
som vi alle er så gla' i  
då kan eg gå på kino  
og sjå ein därleg film  
Og le når eg kjem ut igjen  
Saman med min beste venn  
for sola ho skin endå på ein fjelltopp  
i mai

I mai  
som vi alle er så gla' i  
Då leitar eg fram grillen  
og kjøper kotelett  
poteter og bernaisesaus  
gjestar kjem det i eit raus  
Vi sløyfar is i glasa  
Det frys nok av seg sjølv  
i mai

Då tar eg på meg kortebrok  
og går ein tur i mark og skog  
Du ler av mine spisse kne  
Du sit og ler og hetsar meg  
Men eg berre humpar og går  
sorgene mine dei dansar  
i valsetakt i år

I mai  
som vi alle er så gla i  
Alle ser på bjørka  
Som skal sprette ut  
Lysegrønt mot himmelblått  
auge det blir stort og vått  
det er'kje greitt for nasa mi  
med pollenallergi  
i mai

Når alle naboor går ut  
med rive, kost og vaskekut  
Dei plantar, sår og vaskar glas  
Eg vassar her i gammalt gras  
Men eg berre humpar og går  
sorgene mine dei dansar  
i valsetakt i år

I mai  
som de alle er så gla' i  
då gler eg meg til januar  
når snøen ligg her djup  
og hagestell er gløymt og vekk  
pollen, støv og gras og hekk  
er fjerne minne sjølv om  
dei kjem igjen  
i mai

I mai  
Som de alle er så forferdelig gla' i  
I mai ...

og – mai

### A-tema

d-d/C-Bmaj7-A x2  
F-C  
d-A  
d-d/C-Bmaj7-A

### B-tema

F-C / d-A x2  
( $\frac{3}{4}$ ) d-d/C-Bmaj7-A x2